

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Nettmøte
Dato:	30.08.2024
Tid:	Kl. 09:00 – 11:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til adeline.berntsen.landro@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09:00 Orientering v/rektor

Kl. 09:15 Sakshandsaming

Oddmund Klakegg

Styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
--------------------------	----------------	-------------------------	--------------

GK 11/24	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
----------	---	----------	--

GK 12/24	Godkjenning av møteprotokoll frå 24.06.2024	2022/486	
----------	---	----------	--

Referatsaker

RS 09/24	Rekneskap 2. kvartal 2024	2022/486	
----------	---------------------------	----------	--

RS 10/24	Søknad om Erasmus+ akkreditering	2022/486	
----------	----------------------------------	----------	--

RS 11/24	Val av studentrepresentant til styret for Fagskulen Vestland	2022/486	
----------	--	----------	--

RS 12/24	Orientering om opptak 2024 i Samordna opptak	2022/486	
----------	--	----------	--

Vedtaksaker

VS 09/24	Løyve til å søke NOKUT om akkreditering av ny utdanning – Rådgjevande arborist	2022/486	
----------	--	----------	--

VS 10/24	Løyve til å søke NOKUT om akkreditering av ny utdanning – Tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge	2022/486	
----------	--	----------	--

VS 11/24	Nominasjon av tiltak til utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning	2022/486	
----------	---	----------	--

Saksnr: 2022/486-143
Saksbehandlar Lars Arne Førde
Dato: 21.08.2024

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Rekneskap 2. kvartal 2024

Eining	Rekneskap	Budsjett	Tekst
Administrasjon og leiling	(140 182 853)	(68 000 843)	1.
Undervisning	70 522 137	71 894 927	2.
Oppdragsverksemd	100 203	(645 284)	3.
Totalt	(69 560 513)	3 248 800	
Årsoppgjørdisposisjoner - Prosjekter/prosjekter i arbeid	(41 518 860)	-	4.
Årsoppgjørdisposisjoner - Disposisjonsfond	1 631 714	-	5.
Totalt	(109 447 659)	3 248 800	

Kommentarar:

1. Inntekter frå staten er ikkje periodisert i rekneskapen på månadsbasis. Ikkje indikasjon på vesentleg avvik frå budsjett på årsbasis.

Budsjett har ein salderingspost på ca kr 10 mill for å kome i balanse. Denne post vil krevje strukturelle endringar for å kome i mål.

Det jobbast med tiltak, dette vil først ha effekt frå hausten, men størst effekt frå år 2025.

Salderingspost gjeld heile drifta til FAV, ikkje bere administrasjon.

2. Ikkje vesentleg avvik ifht budsjett. Det er forventa lågare kostnader i rekneskapen utover hausten for å dekke deler av salderingspost

3. Førbeles er ikkje alle inntekter fakturert for kursverksemd.

4. Relatert til bundne prosjektmidlar/prosjekter i arbeid. Foreløpig ikkje noko indikasjon på overforbruk.

5. Disposisjonsfond frå tidlegare år (meirforbruk). Denne post vil krevje strukturelle endringar for å kome i mål.

Saksnr: 2022/486-144**Saksbehandlar** Hege Fjeld**Dato:** 21.08.2024

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Søknad om Erasmus+ akkreditering

I henhold til Fagskulen Vestland si Mål og handlingsplan for internasjonalt arbeid (RS 03/24) vil skulen i år søke om akkreditering for mobilitet under Erasmus+, EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett. Erasmus+ akkreditering er eit kvalitetsstempel som vil gje oss tilgang til finansieringsmoglegheiter for mobilitetsprosjekt innan utdanning og opplæring på tvers av Europa.

Kvifor er Erasmus+ akkreditering viktig for Fagskulen Vestland?

Erasmus+ akkreditering vil redusere kostnadene knytt til internasjonalisering og dermed gjere det enklare å realisere internasjonale prosjekter som elles kunne vore økonomisk utfordrande. Tilsette kan delta på kurs, seminar og jobbskugging, for å bygge kompetanse og styrke nettverket vårt med internasjonale partnerar. Dette vil bidra til å heve kvaliteten på vårt fagtilbod, gjennom læring og utveksling av beste praksis frå utdanningsinstitusjonar i andre europeiske land. På sikt ser vi og for oss moglegheit for at studentar kan ta delar av utdanninga si i utlandet med mobilitetsmidlar.

Ein Erasmus+ akkreditering vil og bidra til å styrke vårt omdømme som ein progressiv og internasjonalt orientert fagskule. Dette kan igjen føre til økt rekruttering av studentar som søker ein utdanning med internasjonale moglegheiter. Videre vil det kunne gjere oss meir attraktive for potensielle samarbeidspartnarar og arbeidsgjevarar i inn- og utland. Til no er det eit fåtal av fagskular i Norge som har slik akkreditering,¹ men med auka fokus på internasjonalt samarbeid for vår sektor, vil vi tru at fleire vil søke.

Kva akkrediteringen inneber

Erasmus+ akkreditering inneber ei langsiktig forplikting til å integrere internasjonalisering i skulens strategi. For å få akkreditering må vi utarbeide ein plan som beskriver våre mål for internasjonalt samarbeid, kva aktivitetar vi planleggjar å gjennomføre, og korleis vi skal sikre kvalitet og berekraftig implementering. Skulen må utpeike ein Erasmus+-koordinator som vil vere det administrative bindeleddet mot Erasmus+. Vi må oppfylle dei krava som Erasmus+ stiller til kvalitet, inkludert oppfølging av tilsette og studentar som deltar i mobilitetsprosjekt, evaluering av gjennomførte prosjekt, og rapportering til EU-kommisjonen om resultatane av våre Erasmus+-aktivitetar. Prosjektmidlane skal bidra til å dekke reisekostnadar, kost og losji samt eventuelle kursavgifter, men institusjonane får òg ei administrativ støtte for kvar deltakar som reiser.

¹ Per i dag har berre fire fagskular i Norge akkreditering: Fagskolen Viken, Fagskolen Kristiania, Fagskolen Rogaland og Norges grønne fagskole – Veia.

I 2023 ble Fagskulen Vestland del av Vestland fylkeskommune sitt konsortium for Erasmus+ mobilitet og vi har gjennom dette samarbeidet fått reisestøtte til kring 20 lærarar som har besøkt ulike institusjonar i utlandet. Vi ønsker likevel å oppnå eigen akkreditering for å kunne administrere mobilitetar sjølve, noko som vil gi oss større fleksibilitet i tildeling av mobilitetar internt på skulen.

Ein eventuell akkreditering vil vere gyldig i heile programperioden (fram til 2027).

Vegen vidare

Førebuing av søknaden er i gong og den vil bli sendt inn innan fristen 1. oktober 2024. Det er nedsett ei arbeidsgruppe som vil ha ansvar for å utvikle vår Erasmus+-strategi og sikre ein grundig og velgrunna søknad. Grappa består av rektor, begge prorektorar og skulens internasjonale koordinator. Utdanningsavdelingane vil bli involvert i prosessen for å sikre brei støtte og engasjement for skulens internasjonaliseringsarbeid.

Torbjørn Mjelstad
Rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Vedlegg

- 1 Mål og handlingsplan for internasjonalt arbeid (FAV, 2024)



Fagskulen Vestland

**Mål og handlingsplan
for internasjonalt arbeid**

Innleiing

Vestlandet har utsyn mot havet og mot kontinentet, og denne kysten av Norge har lange tradisjonar for internasjonalt samarbeid, både gjennom fiske og skipsfart, olje- og gassindustrien, utdanning og forskning, og miljøteknologi og berekraft. Internasjonalt samarbeid er ein føresetnad for å møte dei store globale utfordringane som verden står overfor, og er derfor viktig for fagskulen som tilbydar av utdanningar med høg arbeidslivsrelevans.

Internasjonalisering er derfor eit av innsatsområda i Fagskulen Vestland si strategi for perioden 2023-2027. Mobilitet og samarbeid med internasjonale institusjonar og aktørar skal bidra til auka kvalitet i fagskulen sitt utdanningstilbod gjennom «auke fokus på internasjonal mobilitet for studentar og tilsette, samarbeid om å utvikle nye utdanningar og å tilby nye utdanningar internasjonalt».

Denne handlingsplanen identifiserer mål og tiltak for å styrke Fagskulen Vestland sitt internasjonale engasjement i perioden 2024-2027.

Mål og tiltak for Fagskulen Vestlands internasjonale engasjement

Mål 1: Deltaking i internasjonale samarbeids- og partnerskapsprosjekt

Samarbeid med utdanningsinstitusjonar og kontakt med nærings- og arbeidsliv i andre land er fundamentet i Fagskulen Vestland sitt internasjonale engasjement. Det internasjonale samarbeidet skal omfatte eit breitt spekter av fagområda ved skulen, og inkludere arbeidslivsrelevans, FN's berekraftsmål, det grønne skiftet, karbonnøytrale energikjelder, sirkulærøkonomi og/eller digitalisering. Dei viktigaste satsingsområda for prosjektsamarbeid og mobilitet skal være Norden, Europa og Nord-Amerika.

Tiltak:

- Fagskulen Vestland skal identifisere og etablere strategiske partnerskap med relevante nasjonale og internasjonale organisasjonar og institusjonar som kan bidra til å styrke skolens mål om internasjonalt samarbeid
- Fagskulen Vestland skal delta i internasjonale utdanningsprosjekt under føresetnad av tilgjengelege ressursar og at tema faller inn under skulens strategi
- Fagskulen Vestland skal søke finansiering av prosjektsamarbeid i programmer som til dømes Erasmus+, Nordplus og NORA

Mål 2: Internasjonal mobilitet for tilsette og studentar

Internasjonal mobilitet gir auka kvalitet i utdanningane, språkferdigheiter, internasjonal erfaring og interkulturell kompetanse. Fagskulen Vestland skal auke mobilitet av tilsette og studentar for kortare og lengre opphald i utlandet. Mobilitet kan være knytt til jobbskygging, deltaking på kurs og konferansar, gjesteforedrag, eller studie-/praksisopphald.

Tiltak:

- Fagskulen Vestland skal etablere samarbeidsavtalar med skular og verksemder i andre land som omfattar moglegheiter for mobilitetsopphald for tilsette og studentar.
- Fagskulen Vestland skal fasilitere deltaking i internasjonale kurs og konferansar for lærarar og andre tilsette
- Fagskulen Vestland skal søke akkreditering for mobilitet gjennom Erasmus+ for å sikre finansiering av mobilitetsaktivitetar over lengre tid

Mål 3: Internasjonalisering heime

Fagskulen Vestland skal arbeide for internasjonalisering heime for studentar og tilsette som ikkje kan reise på utanlandsopphald. Internasjonale gjesteforelesarar og innreisande kursdeltakarar og studentar bringer med seg verdifulle, faglege perspektiv som kan gi fagskulens tilsette og studentar ein internasjonal erfaring. Praksisutplassering i bedrifter som har internasjonale kontaktar kan og bidra til at studentane får eit internasjonalt nettverk.

Tiltak:

- Fagskulen Vestland skal bruke samarbeidsavtalar og prosjektsamarbeid til å invitere utanlandske lærarar til fysiske eller digitale føredrag ved skulen
- Fagskulen Vestland skal styrke samarbeidet med lokale bedrifter som har internasjonale relasjonar for å skape moglegheiter for praksisplassar
- Fagskulen Vestland skal utvikle kurs/utdanningar som er relevante og attraktive også for ein internasjonal målgruppe. Dette kan inkludere engelskspråklege kurs eller programmer

Mål 4: Deltaking i det offentlege ordskiftet

For å auke bevisstheit, kompetanse og forståinga av fagskulesektorens internasjonale moglegheiter og utfordringar, er det naudsynt å synleggjere våre aktivitetar og delta i den offentlege debatten. Det er særleg viktig å halde dei som setter rammer for sektoren sine moglegheiter kring internasjonalisering orienterte, som HK-dir., regionale og nasjonale myndigheiter.

Tiltak:

- Fagskulen Vestland skal bruke ulike media til å dele relevant informasjon, suksesshistorier og nyhende knytt til våre internasjonale aktivitetar
- Fagskulen Vestland skal vere synleg i aktuelle samfunnsdebattar og løfte frem ulike problemstillingar kring internasjonalisering av fagskulesektoren
- Fagskulen Vestland skal gi innspel til undersøkingar, utredningar, stortingsmeldingar og anna offentleg strategiarbeid kring temaet

Saksnr:	2022/486-146
Saksbehandlar	Adeline Berntsen Landro
Dato:	21.08.2024

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Val av studentrepresentant til styret for Fagskulen Vestland

Før skuleåret 2023/24 var over vart det gjennomført avsluttande allmøte for studentrådet og Sigurd Bergsvik vart valt vidare som studentrådsleiar og studentrepresentant til styret for skuleåret 2024/25.

Det er ikkje valt vara for Bergsvik, og dette vil verte gjort på det første allmøtet i løpet av september.

Saksnr:	2022/486-149
Saksbehandlar	Hege Aarethun
Dato:	22.08.2024

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Orientering om opptak 2024 i Samordna opptak

I denne saka blir det ei kort orientering om opptak 2024 gjennom Samordna opptak. Ein meir utfyllande orienteringssak blir lagt fram for styret i oktobermøtet, når opptaket er avslutta.

Som kjent gjorde styret i sak VS 06/24 vedtak om kva for eit studietilbod Fagskulen Vestland skulle lyse ut i årets opptak.

Samordna opptak køyrde hovudopptaket 23. mai 2024, med svarfrist for søkarane 1. juni. Frå og med 31. mai kunne søkarar som ikkje hadde søkt innan fristen 15. april, søke på ledige studieplassar. Frå og med 5. juni har det vert køyrd suppleringsopptak kvar veke. Siste moglege suppleringsopptak blir 25. september.

I hovudopptaket var det 1518 søkarar som hadde Fagskulen Vestland som førsteprioritet, og dette var ein auke på 13,7 prosent frå hovudopptaket i 2023. Det var stor variasjon mellom utdanningane, og automatisering, elkraft og dei maritime utdanningane hadde særleg god søknad.

Tabellen under syner tall pr. 20. august 2024 (1. pri. søkarar pr. 15. april). Vurderingar som gjerast av opptaksansvarleg i dialog med utdanningsleiarane før og etter hovudopptaket, og gjennom dei ulike suppleringsopptaka, er kor mange tilbod vi kan gje for at vi skal treffe best mogleg til studiestart når det gjeld å fylle opp utdanningane – spesielt der vi har ventelister. Og kva for utdanningar som skal vere lyst ut på ledige studieplassar til ei kvar tid. Klassestørrelse og størrelse på klasserom er og vektleggande i vurderingane på mogleg tal på studentar for dei ulike utdanningane.

Vi har i år opplevd at studentane er meir i bevegelse blant søkarane og at søkarar som først har takka ja, har endra svar i løpet av ferien. Dei verker å søke fleire stadar, og ønsker å halde moglegheitene sine open lenger. Det kan difor bli enda viktigare å gje tilstrekkeleg tilbod på ei del utdanningar ved hovudopptaket. Søkarane er på det tidspunktet mest sannsynleg meir motivert, og kvaliteten ofte høgare. Karaktersnittet på utdanningar som elkraft og automatisering er høgare i år. På desse utdanningane har dei fleste relevante fagbrev og, mens på utdanningar som til dømes på helse, og til dels Lokal matkultur søkar fleire med realkompetanse. På desse utdanningane er andelen søkarar som ikkje er kvalifisert størst.

Samordna opptak 2024 (20.08)					
Utdanning	1. pri søkerare (15.04)	Dimensjonering tilbud	JA svar	Venteliste	Ledige studieplassar
Automasjon Bergen Nett	109	40	87	JA	NEI
Elkraft Bergen Nett	168	80	78	JA	NEI
Elkraft Bergen Heltid	73	30	30	JA	NEI
Boring Heltid	52	30	30	NEI	NEI
Anlegg Førde	41	40	30	JA	NEI
Anlegg Voss	42	30	30	JA	NEI
Arborist	49	16	14	JA	NEI
Bim teknikker	50	40	31	JA	JA
Bygg Bergen Heltid	71	30	29	NEI	JA
Bygg Bergen Nett	73	80	65	NEI	JA
Bygg Førde	15	40	18	NEI	JA
Byggningsakyndig Førde	41	40	33	NEI	JA
Dekksoffiser Bergen	85	30	27	JA	NEI
Dekksoffiser Austevoll	25	30	24	NEI	JA
Dekksoffiser Måløy	32	15	17	JA	NEI
Demensomsorg og psykisk helse for eldre	14	30	12	NEI	JA
Elkraft Førde	47	40	29	JA	NEI
Grønn omstilling i byggebransjen	15	30	13	NEI	JA
Klima, energi og miljø i bygg Bergen	50	40	37	NEI	JA
Lokal matkultur	18	16	5	NEI	JA
Maskinoffiser Bergen	76	30	30	JA	NEI
Maskinoffiser Måløy	16	15	16	JA	NEI
Maskinteknikk Bergen Heltid	36	30	27	NEI	JA
Maskinteknikk Bergen Nett	65	40	41	JA	NEI
Maskinteknikk Førde	27	40	24	NEI	JA
Psykisk helse og rus Bergen	62	30	27	NEI	JA
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse	13	30	7	NEI	JA
Makinteknikk Stord	26	30	22	NEI	JA
Prosess Bergen	71	40	35	NEI	JA

Saksnr: 2022/486-148**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 09/24	30.08.2024

Løyve til å søke NOKUT om akkreditering av ny utdanning - Rådgjevande arborist

Forslag til vedtak

1. Fagskulen Vestland kan søke NOKUT om akkreditering av ny utdanning innan Rådgjevande arborist, 30 studiepoeng med utdanningsform «nettbasert med samlingar», studiestad Hjeltnes.

Samandrag

Fagskulen Vestland ønskjer å søkje akkreditering for ei ny påbyggingsutdanning innan Rådgjevande arborist, som skal gi studentane auka kompetanse etter å ha fullført arboristutdanning. Det er eit aukande behov for arboristar med rådgjevande kompetanse i arbeidslivet, særleg innanfor bygge- og anleggsprosjekt som involverer trær. Studiet, som er på 30 studiepoeng, vil vere nettbasert med samlingar og dekker fagområde som kommunikasjon, treregistering og trevurdering. Rektor vil tilrå at det vert søkt akkreditering for denne utdanninga.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fagskulen ønskjer å søke akkreditering for ei ny utdanning innan Rådgjevande arborist som skal vere ei påbygging til den eksisterande arboristutdanninga. Dagens arboristutdanning er på 60 studiepoeng og utdannar arboristar som kan utføre praktiske trefaglege arbeidsoppgåver, basert på brei teoretisk kunnskap. Faget har hatt ei stor utvikling sidan oppstarten av utdanninga i 2010, og vi ser ei forventning i arbeidslivet om kva ein arborist skal kunne utføre av tenester, som ikkje heilt samsvarar med det som ligg i utdanninga pr i dag. Det er ikkje plass til å ta inn meir i studiet og det er difor naudsynt å lage denne påbygginga. Denne gjev studentane ein kompetanse som er etterspurt.

Dei siste 10-15 åra har det vore ei auka etterspurnad etter arboristfagleg kompetanse i arbeidslivet. Det er auka krav til denne kompetansen både innan forvaltning og bygge- og anleggsprosjekt som involverer trær. Vi ser at det vert stilt krav om arboristkompetanse til utføring av ulike prosjekt. Men vi ser også at det er forventningar i arbeidslivet til arboristar om å drive arboristfagleg rådgjeving og utarbeiding av ulike faglege rapportar. Dette er det for lite av i den grunnopplæringa dei får som arboristar, og derfor ønsker vi å lage denne påbygginga. Det er viktig for renommeeet til arboristar og skulen, at denne utdanninga kjem, for å imøtekomme det arbeidslivet treng og forventar.

Med utgangspunkt i dette har fagskulen utvikla eit studium på 30 studiepoeng bestående av 5 emne. Det er ønskjeleg å tilby utdanninga som nettbasert med samlingar med ved studiestad Hjeltnes.

Læringsutbytte

Læringsutbytteskildringane er lagde på nivå 5.2 i tråd med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket (NKR) for høgare utdanning. Etter fullført studium skal kandidaten ha følgjande læringsutbytte, inndelt i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:

Kunnskap

Kandidaten har:

- kunnskap om faguttrykk, metodar og verktøy som vert nytta ved treregistrering, trevurderingar og for oppdrag knytt til trær i byggesaker.
- kjennskap til arborkulturens historie og tradisjonar, er bevisst på arboristen si rolle i samfunnet og kan bidra i tverrfaglege prosjekt
- kunnskap om kommunikasjonsteori og kan lage faglege rapportar
- kunnskap om gjeldande lover, forskrifter, regelverk, standardar og veiledere, som er aktuelle for arboristfagleg rådgjeving
- innsikt i arboristfaget si utvikling og kan halde seg fagleg oppdatert
- har fagleg innsikt og kan gje rådgjeving basert på etiske prinsipp innan arboristfaget

Ferdigheiter

Kandidaten kan:

- innhente informasjon og fagstoff og vurdere relevansen for trefaglege problemstillingar
- produsere trefaglege rapportar der form og innhald er tilpassa situasjon, mål og mottakar
- bruke vanlege tekniske hjelpemiddel til diagnostisering av trær
- grunngje og reflektere over faglege val og framstille dette både munnleg og skriftleg
- reflektere over eigen fagleg utøving og tilpasse denne mot ny kunnskap og erfaringar
- innhente informasjon frå ulike kjelder og bruke den kritisk, hensiktsmessig og etterretteleg

Generell kompetanse

Kandidaten kan:

- drive arboristfagleg rådgjeving og tilpasse språk og argumentasjon etter mål og mottakar
- planlegge og gjennomføre prosjekter for sikringstiltak av trær, alene og i tverrfaglege grupper

- utveksle synspunkt med andre med bakgrunn i bransjen, og delta i diskusjonar om utvikling av god praksis i tråd med yrkesetiske krav og retningslinjer.

Organisering og omfang

Utdanninga vert nettbasert med samlingar, 30 studiepoeng over 2 semester. NKR nivået vert 5.2. Tabellen under syner oversikt over dei 5 emna som inngår i utdanninga.

	Emne	Semester 1	Semester 2
1	Kommunikasjon	5	
2	Vitalitet (livskraft), biomekanikk og statikk	6	
3	Treregistering	4	3
4	Trevurderinger		7
5	Trær i byggesaker		5
	SUM	15	15

Opptakskrav

Opptakskravet vert fullført utdanning i Arboristfag frå fagskule, 60 studiepoeng, nivå 5.1 eller tilsvarende realkompetanse.

Jf. fagskuleforskrifta § 7 femte ledd om kvalifisering for opptak kan styret sjølv stille krav til bestått fagskuleutdanning til ei anna fagskuleutdanning. Dette er berre mogleg å gjere dersom dei einskilde fagskuleutdanningane er sjølvstendige einingar som bygger på kvarandre, og det totale løpet for utdanningane som bygger på kvarandre ikkje har eit omfang på meir enn to år. I særlege tilfeller kan det totale utdanningsløpet vere opptil tre år.

Vedtakskompetanse

Det er styret for Fagskulen Vestland som fattar vedtak om det skal søkjast NOKUT om akkreditering for ny utdanning, jf. fagskulelova § 17:

§ 17. Innholdet i utdanningen

Styret skal fastsette en plan for innholdet i utdanningen og bestemme hvordan planen skal gjennomføres. Det skal blant annet fastsettes bestemmelser om obligatoriske kurs, praksisstudier, vurderingsformer og lignende.

Studiepoeng er en betegnelse på læringsutbytte og normert studietid. Et fullt studieår er normert til 60 studiepoeng.

Departementet kan gi forskrift om

a) nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk

b) et felles vurderingsuttrykk ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at det vert gitt løyve til å søke akkreditering for utdanninga Rådgevande arborist, 30 stp., med utdanningsform nettbasert med samlingar.

Saksnr: 2022/486-145**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 10/24	30.08.2024

Løyve til å søke NOKUT om akkreditering av ny utdanning - Tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge

Forslag til vedtak

1. Fagskulen Vestland kan søke NOKUT om akkreditering av ny utdanning innan «Tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge», 60 studiepoeng med utdanningsform «nettbasert med samlingar» og «nettbasert», studiestad Nordnes og Førde.

Samandrag

Gjennom ordninga med utviklingsmidlar frå Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse har fagskulen utvikla utdanninga Tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge, 60 studiepoeng. Det er ønskjeleg å søke NOKUT om akkreditering for tilbodet innan fristen 15. september 2024. Tilbodet er etterspurt i arbeidslivet og vil vere det første tilbodet fagskulen har innan oppvekstfaga.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennom ordninga med utviklingsmidlar har fagskulen fått midlar til å utvikle tilbodet Tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge, 60 studiepoeng (stp.), og ønskjer å søke NOKUT om akkreditering innan 15. september 2024. Fagskulen har søkt om fagområdeakkreditering innan fagområdet helse- og oppvekst, men søknaden er ikkje ferdig handsama. Dersom fagskulen vert tildelt denne fagområdeakkrediteringa kan fagskulen akkreditere utdanninga sjølv.

Styret handsama sak VS 15/23 Søknad om utviklingsmidlar 2024 i møte 30.10.2023, og gjennom denne saka vart det vedteke å søke midlar til utvikling av tilbodet. Tilbodet har vore etterspurt av arbeidslivet, og er utvikla i samarbeid med Rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune, Bergen kommune og Kvinnherad kommune. Tilbodet rettar seg mot barn og unge og vil vere det første tilbodet fagskulen får innan oppvekstfeltet.

Fagskuleutdanninga Tverrfagleg psykososialt arbeid for barn og unge har som overordna mål å utdanne ansvarlege, kunnskapsrike og reflekterte yrkesutøvarar med høgt etisk medvit som er i stand til å planlegge, organisere og setje i verk tiltak i samarbeid med barn og unge, kollegaer og andre tenesteytarar innan oppvekst i heile utdanningsløpet. Utdanninga skal vere yrkesretta og praksisrelatert og sikre den enkelte, samfunnet og arbeidslivet ein kompetanse som kan møte dei behova og oppgåver som er innanfor oppvekstsektoren. I utdanninga står medverknadsperspektivet for barn og unge på ulike nivå sentralt. Utdanninga er tverrfagleg og rettar seg mot arbeidstakarar med ulike fagleg bakgrunn innanfor helse og oppvekstfaga i barnehage, grunnskule og vidaregåande skular.

Det er stor etterspurnad etter utdanningar innan oppvekstfag, spesielt i barnehagesektoren, der det er behov for kompetanseløft i tråd med Kunnskapsdepartementets strategi for barnehagekvalitet. Kompetansen til dei tilsette og leiinga i barnehagane er avgjerande for kvaliteten på tilbodet, og det er eit mål at 25 % av dei tilsette skal vera barne- og ungdomsarbeidarar. Fagskulane spelar ei viktig rolle i å tilby utdanning som møter desse behova, spesielt innan oppvekstfag.

Kunnskapsdepartementet sin nye kompetansestrategi «Kompetanse for barnehagen i fremtiden» for 2023-2025 fokuserer på rekruttering, kompetanseutvikling, og sikring av høg kvalitet i barnehagane. Barns medverknad og involvering er sentrale element i arbeidet. Det er også eit behov for meir strukturert miljøarbeid rundt barn og unge, der fagarbeidarar må ha kunnskap om oppvekstvilkår og evne til å jobbe systematisk på tvers av fagområde.

Regjeringa vil styrka fagskuletilbodet for å møte kompetansebehov i barnehage, skule og SFO, spesielt innan psykososialt arbeid. Opplæringslova sikrar rettar for elevar i skulemiljø som fremjar helse og læring. Tverrfagleg samarbeid og auka kompetanse er nødvendig for å oppfylle dei nye krava i opplæringslova og Fullføringsreformen. Tidleg innsats og førebygging er nøkkelen for å hindra at elevar fell utanfor skuleløpet.

Utdanninga er bygd opp som ei modulbasert utdanning, slik at det gjev søkjarar og arbeidslivet ei fleksibilitet til å heve kompetanse innan dette fagfeltet. Dersom ein student fullfører alle modulane vert det gitt ei fagskulegrad med vitnemål. Søkjarar kan også velje å berre gjennomføre eitt eller nokre av emna i utdanninga, og vil då få studiepoeng og karakterutskrift.

Læringsutbytte

Læringsutbytteskildringane er lagde på nivå 5.1 i tråd med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket (NKR) for høgare utdanning. Etter fullført studium skal kandidaten ha følgjande læringsutbytte, inndelt i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:

Kunnskap:

Kandidaten har:

- kunnskap om utviklinga til barn, oppvekst, sosialisering, læring og danning og kva som fremjar psykisk helse og resiliens hos barn og unge
- kunnskap om etiske prinsipp, menneskerettar, verdiar og normer som ligg til grunn for tenesteyting innan oppvekstsektoren.
- kunnskapar om relasjons- og samhandlingsprosessar i psykososialt miljøarbeid med barn og unge og kva som fremjar vekst og læring
- kunnskap om samanhengar mellom helse, utdanning, psykososiale faktorar, levekår både på individ- gruppe og samfunnsnivå.
- bransjekunnskap om teoriar, omgrep, rammeverk og forståingsmodellar for psykososialt arbeid med barn og unge
- kunnskap om relevante lover som regulerer tenesteytinga innan nasjonale regelverk og retningslinjer for arbeid med kvalitet i oppvekstsektoren
- kan oppdatera den yrkesfaglege kunnskapen sin om modellar og rammeverk relevant for endringar i oppvekstsektoren.

Ferdigheiter:

Kandidaten kan:

- nytta kunnskap om oppvekst, utvikling, sosialisering, læring og danning og til å identifisera ressursar og behov, setja mål og setja i verk helsefremjande tiltak i psykososialt miljøarbeid
- nytta standardiserte observasjonsskjema og kartleggingsverktøy til å kartleggja og dokumentera ressursar, utfordringar og behov for tiltak hos barn og unge og handla på bakgrunn av dette
- nytta kommunikasjonsformer og teknikkar profesjonelt i samarbeidde med barn og unge, foreldre, kollegaer og andre yrkesgrupper
- finna informasjon og fagstoff som er relevant for problemstillingar knytte til arbeid med barn og unge
- kartleggja situasjonar med barn og unge og identifisera faglege, juridiske og etiske problemstillingar og behov for å setja i verk tiltak
- reflektera over fagleg utøving og justera denne under rettleiing
- gjera greie for dei faglege vala sine i yrkesutøvinga på eigen arbeidsplass og i tverrfagleg samarbeid.

Generell kompetanse:

Kandidaten:

- har forståing for yrkesetiske retningslinjer som regulerer yrkesutøvinga innan oppvekstsektoren
- har utvikla ei etisk grunnhaldning som kjem til uttrykk ved at han/ho tek vare på medverknaden til barn og unge og deltaking i psykososialt arbeid

- kan innanfor eige kompetanse- og ansvarsområde utføra psykososialt arbeid rundt barn og unge som er fagleg forsvarleg og i tråd med kunnskap om kva som fremjar psykisk helse
- kan byggja relasjonar med kollegaer, og på tvers av avdelingar og etatar i samarbeidet om tenestetilbodet til barn og unge og delta i diskusjonar om utvikling av god praksis
- kan bidra til å utvikla arbeidsmetodar og tenester til barn og unge gjennom kunnskapsdeling, rettleiing og etisk refleksjon på arbeidsplassen
- kan bidra til kvalitetsforbetring i tenestetilbodet på arbeidsplassen ved å førebu, planleggja, gjennomføra og evaluera eit forbetringsarbeid innanfor eit avgrensa område.

Organisering og omfang

Fagskuleutdanning i tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge er ei desentralisert, fleksibel og delvis nettbasert utdanning med nokre fysiske samlingar. For å få godkjent fagskulegrad med 60 studiepoeng må studenten gjennomføre 3 obligatoriske og 3 valfrie moduler à 10 studiepoeng kvar. Studiet er bygd opp av 9 sjølvstendige modular. Blant dei valfrie modulane kan søkaren velje kva som er mest relevant ut i frå yrkesbakgrunn og arbeidssituasjon. Den eine obligatoriske modulen er ein avsluttande modul som må gjennomførast til slutt i studieløpet for å få godkjent fagskulegrad i tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge. Studenten kan òg velje å ta berre enkeltmodular à 10 studiepoeng. Fagskulen vil tilby fleire modular per semester og ut frå det kan studenten velja rekkjefølgja på studieløpet.

I tillegg til utdanningsforma nettbasert med samlingar, er det ønskjeleg å søke om utdanningsforma nettbasert for også å kunne tilby eit heildigitalt tilbod. Vidare er det ønskjeleg å søke om akkreditering ved studiestadene Nordnes og Førde dersom tilbodet vert gitt som samlingsbasert.

Opptaksgrunnlag

Grunnlag for opptak til utdanninga vil vere bestått med fagbrev eller Vg3 innan:

- Barne- og ungdomsarbeidarfaget
- Helsearbeidarfaget
- Aktivitør
- Ambulansefagarbeidar

I tillegg er det mogleg å søkje på bakgrunn av realkompetanse.

Andre aktuelle kandidatar som også kan søkje opptak på bakgrunn av realkompetanse er førskulelærarar, lærarar, barnevernspedagogar og vernepleiarar.

Politiattest og skikkavurdering

Utdanninga vil ikkje vere underlagt reglane om politiattest jf. fagskulelova § 27 då det ikkje er praksis i utdanninga. Utdanninga vil vere underlagt reglane om skikkavurdering jf. fagskulelova § 26. Dersom utdanninga vert akkreditert må kravet om skikkavurdering kome fram av Fagskulen Vestland sin studieforskrift.

Vedtakskompetanse

Det er styret for Fagskulen Vestland som fattar vedtak om det skal søkjast NOKUT om akkreditering for ny utdanning, jf. jf. fagskulelova § 17:

§ 17. Innholdet i utdanningen

Styret skal fastsette en plan for innholdet i utdanningen og bestemme hvordan planen skal gjennomføres. Det skal blant annet fastsettes bestemmelser om obligatoriske kurs, praksisstudier, vurderingsformer og lignende.

Studiepoeng er en betegnelse på læringsutbytte og normert studietid. Et fullt studieår er normert til 60 studiepoeng.

Departementet kan gi forskrift om

a) nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk

b) et felles vurderingsuttrykk ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at det vert gitt løyve til å søke akkreditering for utdanninga Tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge, 60 stp., med utdanningsform nettbasert med samlingar og nettbasert.

Saksnr: 2022/486-147**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 11/24	30.08.2024

Nominasjon av tiltak til utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek å nominere Norsk Pommelier utdanning til Utdanningskvalitetsprisen 2024.

Samandrag

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) deler årleg ut ein utdanningskvalitetspris for høgare yrkesfagleg utdanning. Pommelier-utdanninga, som Fagskulen Vestland etablerte i januar 2024, er Nordens første utdanning i dette faget. Utdanninga, som gir studentane inngåande kunnskap om siderproduksjon og dens rolle i måltid, er utvikla i tett samarbeid med næringslivet og forskingsinstitusjonar. Rektor meiner utdanninga oppfyller kriteria for prisen, og det vert tilrådd at utdanninga blir nominert til utdanningskvalitetsprisen for 2024.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir) tildeler årleg ein utdanningskvalitetspris for høgare yrkesfagleg utdanning som skal påskjøna framifrå arbeid med utdanningskvalitet i norsk høgare yrkesfagleg utdanning. Styret ved ein fagskule kan nominere inntil to tiltak, og fristen for å nominere og sende inn søknad er 6. september. Prisen er på kr 1 mill. og fagskulen som får tildelt prisen kan sjølv disponere midlane fritt. Tidlegare Fagskolen i Hordaland vant kvalitetsprisen i 2020 med «Eg e-lærer» prosjektet.

Vilkåra for å kunne ta imot prisen er at tiltaket fyller følgande kriteria:

Tiltaket:

- bidrar til oppdatert og yrkesretta høgare yrkesfagleg utdanning;
- bidrar vesentleg til utvikling og betring av studentane sitt læringsutbytte;
- vert gjennomført i eit aktivt samarbeid mellom studentar, tilsette og arbeidsliv;
- er velorganisert og basert på systematisk innhenta informasjon;
- har overføringsverdi til annan høgare yrkesfagleg utdanning.

Fagskulen Vestland har utvikla Nordens første utdanning i pommelier-faget, eit tilbod som gir studentar inngåande kunnskap om sider og sideren si rolle i måltidssamanheng. Denne utdanninga vart etablert i januar 2024, som eit resultat av eit HK-dir-støtta prosjekt som svar på det aukande behovet for kompetanse i frukt- og siderproduksjon. Sidan 2016, då det vart lovleg for lokale siderprodusentar å selje eigenprodusert sider, har denne næringa sett ei markant vekst, særleg i Hardanger-regionen.

Rektor meiner at pommelier-utdanninga oppfyller kriteria for utdanningskvalitetsprisen, og bør nominerast i 2024. I det følgjande vert det vist kvifor utdanninga oppfyller kriteria.

Oppdatert og yrkesretta utdanning

Utdanninga er utvikla i tett samarbeid med næringa, som har bidratt til ein studieplan og undervisningsmetodar som er direkte relevante for dagens arbeidsliv. Fagskulen Vestland har saman med aktørar som Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO) og Hardanger Siderprodusentlag sørja for at studentane får siste nytt innan produksjonsmetodar og teknologi. Fagskulen deltek også i eit prosjekt med NIBIO om å utvikle siderspråket, og fagmiljøet er såleis med i utviklinga av sider som fagområde. Dette er kunnskap og utvikling som kjem studentane til gode.

Utvikling av studentane sitt læringsutbytte

Utdanninga gir studentane ei solid teoretisk og praktisk forståing av siderproduksjon, sensorikk og kombinasjon av mat og sider. Ved å kombinere nettundervisning med fysiske samlingar i Hardanger, får studentane ei heilskapleg opplæring som styrker deira ferdigheiter og kunnskap.

Samarbeid mellom studentar, tilsette og arbeidsliv

Gjennom samarbeid med næringsliv og forskingsinstitusjonar, får studentane oppdatert kunnskap og innsikt i siderproduksjon og marknadsføring. Dette bidrar til å ruste dei for framtidig arbeid i ei næring i rask vekst. Gjennom studiet er det fokus på kontinuerleg tilbakemelding og forbetring i tett samspel med studentane.

God organisering og systematisk utviklingsarbeid

Pommelier-utdanninga er eit resultat av systematisk utviklingsarbeid med høg grad av involvering frå relevante næringsaktørar. Fagskulen Vestland har lang erfaring med å samarbeide tett med relevante næringar, og fagmiljøet på Hjeltnes og i Hardangerregionen er unikt i høve til å sikre kompetansebygging innan sider.

Konklusjon

Pommelier-utdanninga representerer eit nyskapande og framtidsretta utdanningstilbod, både nasjonalt og internasjonalt, som svarer direkte på behovet for høgare fagleg kompetanse i siderproduksjonsnæringa. Med sitt sterke fokus på samarbeid med arbeidslivet, forskingsmiljø og

praktisk opplæring, meiner vi at denne utdanninga er ein utmerka kandidat til Utdanningskvalitetsprisen.

Vedtakskompetanse

Styret er ansvarleg for kvaliteten i utdanninga og HK-dir stiller krav til at det er styret for ein fagskule som skal nominere til kvalitetsprisen.

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at utdanninga Norsk Pommelier utdanning vert nominert til utdanningskvalitetsprisen for 2024.